



Landbrukstenester Sogn

Vår beredskap – Din tryggleik

Rekruttering og verving



Bli medlem!

Bli medlem

Landbrukstenester Sogn er etablert og eigd av bøndene som er medlemmar. Hovudoppgåva vår er å sørge for kvalifisert arbeidskraft til bøndene når behovet er der.

Laget skaffar avløysar ved sjukdom, fødsel, permisjon, ferie eller anna fråvær. Vi stiller også med vikar dersom det trengs ekstra arbeidskraft i travle periodar. Vi tilbyr hjelp til digitale oppgåver og papirarbeid, til dømes søknadar til Landbruksdirektoratet og søknadar om refusjon. I tillegg står vi ansvarleg for lønn, HR og HMS for avløysarar.

Bonden har sjølv ansvar for opplæring av avløysar på garden sin, men vi arrangerer avløysarkurs og andre kurs i løpet av året.



Kontaktskjema for innmelding finn du her:



Vi hjelper deg med

- Kvalifisert arbeidskraft ved behov
- Beredskap ved akutt sjukdom og krise
- Lønn, HR og HMS for avløysarar
- Elektronisk personaladministrasjon i Webtemp
- Gode forsikringsordningar gjennom NLT
- Papirarbeid og søknadar
- Spørsmål om regelverk, søknadsfristar o.l.
- Kurs og opplæring
- Andre ting du måtte trenge hjelp til

Vi tek vare på bonden

God beredskap skaper tryggleik for bonden og for garden. Vi veit at bondevelferd er vel så viktig som dyrevelferd. Bonden treng også fritid. Det er godt å kunne ta ferie og vite at garden er i trygge hender. Vikarane våre er høgt kvalifiserte, og du kan vere trygg på at garden og dyra dine blir godt tatt vare på. Dei kan kome til garden på kort varsel dersom det skjer noko akutt.



TAKK til våre
samarbeidspartnarar!



Gaupne

Rådhusvegen 5, 6868 Gaupne
E-post: spar.gaupne@spar.no
Pyramiden Senter
Tlf. 57 68 14 11

Bli avløysar

Landbruket treng arbeidskraft

I landbruksnæringa er det størst behov for tilsette på deltid, i sesong, helger og feriar. Som avløysar må du kunne ta på deg korte oppdrag når bonden har behov, i samband med fritid, sjukdom, fødsel og andre anledningar.

Kvifor bli avløysar?

Avløysaren tek over det daglege arbeidet på garden når bonden er fråverande. Arbeidet passar for deg som likar praktisk arbeid, er glad i dyr og er over 15 år gammal. Som avløysar får du ein variert arbeidskvardag, ryddige arbeidsforhold og nyttig jobberfaring å ta med deg vidare.

Vanlege arbeidsoppgåver:

- Stell av husdyr
- Overvaking og vedlikehald av utstyr og anlegg
- Arbeid på åker og i skog
- Betening av traktor og andre landbruksmaskiner
- Innhausting, våronn og haustonn

Som avløysar får du jobbe variert både inne og ute i all slags vêr. Du må vere sjølvstendig, fysisk sterk og oppdatert på stell av dyr og maskiner. Du må ha omsorg og tolmod med både dyr og menneske, og det er viktig at du samarbeider godt med bonden.

I dette yrket er ingen dagar like!

Kontaktskjema for ny avløysar finn du her:



Opplæring og kurs

Landbrukstenester Sogn arrangerer jamnleg avløysarkurs, og andre kurs ved behov. Mellom anna har vi kurs i motorsag, hogst og skogbruk.

Det er bonden som har hovudansvaret for opplæringa på garden. Ingen gardar har lik drift, og du får tett oppfølging og praktisk opplæring på den enkelte garden.

Stipendordning for ungdom

Luster kommune har ei stipendordning for ungdom i aldersgruppa 16-19 år. Ordninga har som føremål å støtte yrkesretta kompetanseutvikling eller andre utvekslings- og læringstiltak for ungdom i kommunen. Det er søknadsfrist 2 gonger i året: 1. mars og 1. oktober. Kommunane har kurs i motorsag, hogst og skogbruk.



Les meir her:

System med fast avløysar

Etter ønske frå fleire av bøndene jobbar Landbrukstenester Sogn med å etablere eit system med avløysarar som jobbar 100%, men vekslar mellom ulike gardar. Bøndene sjølv lagar i fellesskap ein plan for når avløysaren er på dei forskjellige gardane. Landbrukstenester Sogn har difor tilsett to agronomar på heiltid. Dette systemet forutset altså at fleire bønder går saman.

Fordelar med å ha fast avløysar:

- Avløysaren veit når hen skal jobbe og kvar
- Bonden veit når hen får hjelp, og kan ta fri
- Avløysaren kjenner dyra, garden og maskinene, og veit kva som skal gjerast

Gjensidige

GÅRDIARV



Skann og les mer

Forsikring

Pensjon

Vi sikrer liv, helse og verdier i landbruket – og skaper trygghet for nye generasjoner av bønder.



Kontakt oss

Landbrukstenester Sogn
Rådhusvegen 5
6868 Gaupne

Tlf. 909 62 157
E-post: ltsohn@n-lt.no

Opningstid kontor (Pyramiden)
Kl. 08.00 - 15.30

Vakt kveld/helg:
Tlf. 917 76626 (Aud)
Tlf. 994 66812 (Solveig)



Vik kommune
Matproduksjon er viktig

www.vik.kommune.no



Luster kommune



Luster kommune, Rådhuset, 6868 Gaupne • Telefon: 57 68 55 00
E-post: postmottak@luster.kommune.no



**Sogn
SPAREBANK**

VELKOMEN TIL LOKALBANKEN I SOGN

Du møter oss i Aurland, Lærdal, Vik, Sogndal, Årdal og sjølvsagt på digitale flater. Me kjenner lokalkmarknaden vår og er ein nær medspelar for kundane våre.

Personleg rådgjeving og lokalkunnskap står sterkt hjå oss, og saman realiserer me dine planar og mål.

post@sognbank.no • Tlf. 57 64 85 10



www.sognbank.no



[sognsparebank](https://www.instagram.com/sognsparebank)



[sognsparebank](https://www.facebook.com/sognsparebank)